

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

6. søndag i treeiningstida – 8. juli 2012

Preiketekst: Matt 16,13-20

Lesetekst I: Jer 1,4-10

Lestetekst II: Apg 20,24-32

Forteljartekst: Luk 5,1-11

Med Jesus i grenseland

Innleiing

Under mine år i teneste for Den Norske Israelsmisjon fekk eg møte mange interessante personar. Ein av dei er den no avdøde sveitsiske benediktinarmunken Bargil Pixner. Han flytta til Israel i 1969, der han var prior ved Hagia Maria Sion-klosteret på Sionshøgda i Jerusalem og var med å bygge opp Tagba ved Genesaretsjøen. Gjennom sine mange år i Israel hadde han inngåande kjennskap til geografien i landet. Dette, kombinert med høg teologiske ekspertise, gjorde han til ein ettertrakta guide for mange kjende kristne pilegrimar, mellom anna den tidlegare amerikanske presidenten Jimmy Carter.

I 1993 fekk eg sjølv oppleve Pixner som guide, og eg hugsar enno orda hans: ”Det er fem evangelier som fortel historia om Jesus. Dei fire første finn du i Det nye testamente, og det femte finn du i det landet vi kallar heilagt. Les det femte, og dei fire andre vil opne seg for deg”. Pixner har fleire teoriar som er kontroversielle innan forskinga, men hans vektlegging av samanhengen mellom evangelieteksten og geografien var ein augeopnar for meg. Vil du lese meir om dette, kan eg anbefale boka hans: ”With Jesus Through Galilee: According to the Fifth Gospel”, Corazin Publishing 1992.

For geografi er aldri uviktig i Bibelen. Guds openberring finn stad i tid og rom - i Jesus Kristus. I preiketeksten på Aposteldagen er Jesus og disiplane i Cæsarea Filippi, heilt nord i landet på grensa til dei heidenske områda. Berre ein gong les vi at Jesus ferdast utanfor denne grensa (Matt 15,21ff). I søndagens tekst er Jesus i grenseland, men ikkje berre geografisk. Jesus nærmar seg også ein outsider-posisjon i samfunnet, grunna den tilspissa konflikten med farisearane og saddukearane (Matt 16,1-12).

Men Cæsarea Filippi er samstundes eit vendepunkt. For herfrå går vegen attende mot sentrum, mot Jerusalem, men samstundes mot døden. Og like etter Peters vedkjenning i vår tekst får disiplane del i to viktige openberringer på vegen mot Jerusalem: Den eine er Jesu første undervisning om at han må dra til Jerusalem for å lide og døy (Matt 16,21). Den andre er Kristi forklaring på berget (Matt 17,1ff).

Vår tekst

Preiketeksten vår har ei stram oppbygging. Vers 13-16 har parallellar i Markus og Lukas, medan vers 17-19 er særstoff for Matteusevangeliet. Difor har desse versa vore omstridde innan bibelforskinga.

Vers 13: Cæsarea Filippi er ein vakker stad. På Jesu tid hadde Herodes Filip bygd eit stort tempel til ære for guden Pan der, eit byggverk vi fortsett kan sjå restane etter. Truleg var det ikkje sjølve byen Jesus og disiplane vitja, men dei vakre og frodige områda rundt. Verken dei store skarane av tilhengjarar eller motstandarane fulgte med så langt nord, noko som gav tid for refleksjon og disippelundervisning (fram til Matt 19,1): ”Kven seier folk at Menneskesonen er?”

Vers 14: Disiplane sitt svar viser at det også på Jesu tid var eit mangfald av oppfatningar på dette spørsmålet. Matteus er åleine om å nemne profeten Jeremia eksplisitt, der Matteus og Lukas skriv ”ein av profetane”. Ei forklaring på dette kan vera at både Jesus og Jeremia var domsprofetar og måtte tåle lidning. I enkelte jødiske utenombibelske skrifter har Jeremia også ei viktig oppgåve i endetida. I det heile vart Jesus ofte tatt for å vere ein profet (Matt 21,11; Luk 7,16 m.fl.).

Vers 15: Frå å spørje disiplane kven folk meiner han er, retter så Jesus spørsmålet direkte til disiplane. Jesus ønskte også å høyre deira mening.

Vers 16: Som vanleg er det Peter som har størst frimod, og svarar på vegne av gruppa. Jesus seier aldri om seg sjølv at han er Messias, man han lar andre seie det (Matt 26,23). Peter si vedkjenning er både midtpunkt, høgdepunkt og vendepunkt i Matteusevangeliet. Dei synoptiske evangelia har alle ”Du er Messias” som svar, men Matteusevangeliet har eit tillegg: ”den levande Guds Son”. I vers 13-16 finn vi ein høg konsentrasjon av sentrale kristologiske titlar: Menneskesonen, Kristus/Messias, Guds son. Neste gong dette skjer, er i eit anna avgjerande kapittel i evangeliet, under avhøyret i Det høge råd (Matt 26,63-64).

Vers 17: Dei neste tre versa er særstoff for Matteus. Saligprisinga av Peter er eit resultat av vedkjenninga hans: Salig er den som vedkjenner seg Jesus, Guds son. Peter hadde ein særskilt posisjon blant disiplane og seinare i den fyrste kyrkja, men saligprisinga er ikkje eksklusiv. Den kjem alle til del som vedkjenner seg Jesus (Matt 13,16). Utfrå denne vedkjenninga følgjer ei tillitserklæring og ei oppgåve.

Vers 18: Jesu svar tar utgangspunkt i eit ordspel, som ikkje lar seg omsetje til norsk. Peters namn får no ei tolking (jfr Matt 4,18). Peter er klippa (*petros*), og får slik ei grunnleggjande rolle i Jesu kyrkje. Det er fire moglege måtar å forstå denne samanstillinga på. Kva eller kven er den klippen kyrkjelyden vert bygd på? 1) Peter som person, slik teksten vert forstått i katolsk teologi, 2) Peter som representant for dei tolv, apostlane er fundamentet, 3) Peters vedkjenning, 4) Kristus som klippe og fundament. Alle tolkingsmodellar inneheld bibelske poeng, men utfrå 1Kor 3,11 tenkjer eg at det er den siste som best ivaretek heilskapen i den bibelske budskapet.

Ekklesia (kyrkjelyd, kyrkje) er eit flittig brukt omgrep i brevlitteraturen, men berre to stader i evangelia finn vi dette ordet: Her og i Matt 18,17. ”Dødsrikeportane” er ganske enkelt eit uttrykk for riket etter døden (Jes 38,10).

Vers 19: Forestillinga om binde- og løysemakta har sin bakgrunn i Jesaja 22,22 – ein tekst som mellom anna er sitert i Op 3,7. To andre sentrale tekstar i denne samanhengen er Matt 18,18 og Joh 20,22-23. Nøklemakta er ikkje gjeven eksklusivt til Peter, men han står som ein representant for heile Guds folk: På Jesu eige ord kan kyrkja tilgje synd (sml 1Joh 1,9), men det finst og situasjonar der det kan vere aktuelt å binde (sml Apg 8,20-24). I Matt 23,13 anklagar Jesus dei skriftlærde for å lukke himlens rike for folk. Peter si oppgåve – og vår – er å opne himmelriket for alle som vedkjenner seg Jesus.

Vers 20: Dette verset har alle synoptikarane felles. Messiasomgrepet var på Jesu tid ein politisk ladd tittel, difor var Jesus redd for at det skulle kome ut at han var Messias. Dette påbødet var historisk avgrensa, og vart avløyst med det motsatte påbødet etter Jesu oppstode: Å bære budskapet om Jesus Messias like til enden av jorda (Apg 1,8).

Preikeidear

Søndagens tekst inneheld to omgrep som formidlar sterke bilete: ”dødsrikeportane” og ”nøklane til himmelriket”. Kaosmaktene og dødsrikekreftene pregar vår verd, kvar me enn snur oss. Men midt i denne destruktive røyndomen står døra til himmelriket open. Kyrkja si oppgåva er nettopp her – mellom dødsriket og himmelriket – å forkynne det evige livet, syndsforlatinga, Guds rike og å kjempe mot døden og dei destruktive kreftene. For midt i mørkret lyser vona som viser oss at vi er på sigerlaget: ”Ver ikkje redd! Eg er den første og den siste og den levande. Eg var død, men sjå, eg lever i all æve og har nøklane til døden og dødsriket” (Op 1,17-18).

Eit anna utgangspunkt for preika kan vere mangfaldet av oppfatningar av kven Jesus er. Slik var det på Jesu tid - og slik er det ikkje mindre av i våre dagar! Mange ser på Jesus som vismann, ein stor profet, ein historisk interessant skikkelse, den første kommunist, eit godt medmenneske, morallærar – men også ven, Frelsar og Guds son. Lag ei liste med slike omgrep og utfordre dei som kjem til kyrkja denne søndagen til å velge eit som er dekkande for deira tilhøve til Jesus. Dette er ein god måte å involvere kyrkjelyden på, til dømes hvis det er dåp og gjerne mange kyrkjeframande til stades. Det er også mogleg å snakke med nokon på førehand, og utfordre dei til å kome med korte vitnesbyrd om kva Jesus betyr i deira liv. Det er fortsatt mange ulike oppfatningar om kven Han er. Men i dag – som den gongen – er det berre den som trur, som ser at Jesus er Messias, den levande Guds son.

God søndag!

Endre Fyllingsnes

Kapellan i Borge menighet, Fredrikstad, Borg bispedømme

Tidlegere redaktør i Misjonsblad for Israel, og informasjonsleiar i Den Norske Israelsmisjon

efyllin@online.no